



Arkivnr: 2018/368-6
Saksbehandlar: Charlotte Espeland

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		19.06.2018

Justering av arbeidet med kunst- og kulturformidlingsprogrammet i skulen

Samandrag

I Hordaland er det omlag 63 500 grunnskuleelevar og omlag 18 700 elevar i vidaregåande skule. Hovudmålsettinga med kunst- og kulturformidlingsprogrammet i skulen er at alle elevar skal få høve til å oppleve kunst og kultur av høg kvalitet, med håp om at dei etablerer og vidareutviklar eit aktivt og positivt tilhøve til kunst og kultur. Gjennom skulegangen skal dei få tilbod innan scenekunst, musikk, visuell kunst, litteratur, film og kulturarv, formidla på forskjellige arenaer og måtar.

I Hordaland fylkeskommune er det faggruppe på kvart av dei seks uttrykka, eit ungdomsprogramråd og eit overordna fagleg råd med representantar frå skulesektoren, dei seks faggruppene og Hordaland fylkeskommune.

Evaluering av ordning med ungdomsprogramråd

Fylkesrådmannen er svært nøgd med ungdomsprogramrådet, og vil vidareføre ordninga og auke tal produksjonar dei vel ut.

Utviding av faggrupper

Alle produksjonar som er foreslått inn i programmet vert vurderte av faggrupper. Kvar faggruppe set dei anbefalte produksjonane opp i prioritert rekkjefølge.

Faggruppene sine rangeringar kan vera ein nyttig peikepinn for vidare arbeid med framlegg til endeleg program, men det samla programmet får ikkje alltid ein tematisk og formidlingsmessig breidd når ein følgjer rangeringa. Fylkesrådmannen vil derfor justere faggruppene sitt mandat til at dei gjer fagleg vurdering av alle innkomne forslag, og tilrår produksjonar som kan inngå i programmet. Fylkesrådmannen legg med utgangspunkt i dette fram for vedtak i fagleg råd eit samla program med omsyn til kriteriene og variasjon i uttrykk, tema, formidlingsmåte og –stad.

Einskilde faggrupper har vore utvida og endra etter at dei vart etablert, og Fylkesrådmannen vil no å utvide dei ytterlegare for å nå over breidda og mangfaldet i uttrykka.

Justering av kriterier

I 2016 vedtok KIRU eit sett kriterier som ligg til grunn for utvalet av kunst- og kulturproduksjonar til skulen. Kriteria vert no justert.

Då Rikskonsertane sin skulekonsertordning er avvikla, blir punktet om særskilde behov i samband med musikkproduksjonar tatt bort. Eit punkt om fokus på produksjonar på nynorsk og målføre blir lagt til. To punkt om god balanse mellom produksjonar av/med freelanceutøvarar/frie grupper og større kunst-

kulturinstitusjonar i programmet blir lagt til, eit av desse med særskild fokus på scenekunst, der utfordringane kan virke størst.

Endring i fordeling av midlar

Bergen kommune har sjølvstendig ansvar for Den kulturelle skolesekken, og får sine midlar tildelt direkte frå den statlege organisasjonen Kulturtanken. Fylkesrådmannen fordeler midlar til dei 32 andre kommunane i fylket etter ein fast fordelingsmodell. I Hordaland er det vedtak på at kommunane får eit tillegg oppå dette, og at fem regionale samarbeidsgrupper får 50 000 kvar til interkommunale samarbeid. Fylkesrådmannen vil no å avvikle ordninga med regionale samarbeidsgrupper for kunst- og kulturformidlingsprogrammet i skulen, og gå bort frå tildeling til desse.

Økonomi: Ikkje relevant

Klima: Ikkje relevant

Folkehelse: Ikkje relevant

Regional planstrategi: Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025

Forslag vedtak

Arbeidet med kunst- og kulturformidlingsprogrammet i skulen vert justert i hending til følgjande punkt, med verknad frå skuleåret 2019-2020:

1. Ordning med ungdomsprogramråd vert vidareført. Ungdomsprogramrådet vel ut fire produksjonar som inngår i programmet, to til grunnskulen og to til vidaregåande skule.
2. Faggruppene skal ha føremålstenleg samansetting som sikrar god, fagleg vurdering av alle innkomne forslag til programmet.
 - a) I kvar faggruppe skal det i hovudsak vera minimum to og maksimum fire eksterne fagpersonar, i tillegg til maksimum to fagpersonar frå Kultur- og idrettsavdelinga ved Seksjon for kunst- og kulturformidling.
 - b) Faggruppene har følgjande mandat: gjere fagleg vurdering av alle innkomne forslag, og tilrå produksjonar som kan inngå i programmet.
 - c) Kvar faggruppe vel ein representant i fagleg råd.
 - d) I kvart tilfelle vert det vurdert godtgjersle for førearbeid og deltaking i faggrupper og fagleg råd. Godtgjersle følgjer gjeldande satsar for oppdrag i kunst- og kulturformidlingsprogrammet i skulen. Det er forventa at representantar som har betalt arbeid i ein utdannings-/kunst- og kulturorganisasjon/-institusjon får dekka arbeidstida som er brukt i faggrupper og fagleg råd av sin arbeidsgjevar.
 - e)
3. Følgjande kriterier skal leggest til grunn for utvalet av kunst- og kulturproduksjonar til grunnskulen og vidaregåande skule:
 - a) Forslagsstillar skal ha levert fullstendig søknad innan fristen, med vedlegg eller link til lyd- og/eller filmopptak der dette er naturleg.
 - b) Kvar produksjon i programmet skal ha profesjonalitet i innhald og formidling.
 - c) Programmet skal gjennomførast i skuletida.
 - d) Programmet skal ha variasjon i uttrykk og genremessig breidd, spelestad og formidlingsmåte.
 - e) Programmet skal tilføre skulen møte med profesjonell kunst og kultur, og ikkje erstatte delar av skulen sin undervisning i estetiske fag.
 - f) Det skal vera eit særskild fokus på regionale og lokale utøvarar, og nyskapande kunst skal prioriterast.
 - g) Det samla programmet skal ha god kjønnsfordeling blant utøvarane.
 - h) Det samla programmet skal innehalde ein høg del produksjonar på nynorsk og målføre.
 - i) I det samla programmet skal det vera god balanse mellom ulike formidlingsmåtar og – arenaer.

- j) I det samla programmet skal det vera god balanse mellom produksjonar av/med freelanceutøvarar/frie grupper og større kunst- og kulturinstitusjonar.
 - k) På scenekunstheltet skal tilbodet fordelast slik at større kunst- og kulturinstitusjonar og freelanceutøvarar/frie grupper kvar skal ha minimum 30% av volumet til høvesvis grunnskulen og vidaregåande skule, dersom det er søkjargrunnlag for det.
 - l)
4. Ordninga med tildeling av kr 50 000 til fem regionale samarbeidsgrupper vert avvikla, til fordel for sterkare satsing på programmet til grunnskulen.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 04.06.2018

I Hordaland er det omlag 63 500 grunnskuleelevar og omlag 18 700 elevar i vidaregåande skule. Hovudmålsettinga med kunst- og kulturformidlingsprogrammet i skulen er at alle elevar skal få høve til å oppleve kunst og kultur av høg kvalitet, med håp om at dei etablerer og vidareutviklar eit aktivt og positivt tilhøve til kunst og kultur. Dei seks uttrykka som programmet omfattar, vart definert i den første stortingsmeldinga om Den kulturelle skolesekken, *St.meld. nr. 38 (2002-2003) Den kulturelle skulesekken*. Gjennom skulegangen skal elevane få tilbod innan scenekunst, musikk, visuell kunst, litteratur, film og kulturarv, formidla på forskjellige arenaer og måtar.

Arbeidet med kunst- og kulturformidlingsprogrammet i skulen er lagt til Kultur- og idrettsavdelinga. Ein faggruppe på kvart av dei seks uttrykka, eit ungdomsprogramråd og eit overordna fagleg råd med representantar frå skulesektoren, dei seks faggruppene og Hordaland fylkeskommune medverkar i planlegginga av programmet.

Evaluering av ordning med ungdomsprogramråd

I 2016 etablerte Hordaland fylkeskommune ungdomsprogramrådet for at også mottakarane av tilboda skulle få ein stemme inn i planleggingsprosessen (arkivnr. 2016/2594-12). Dette programrådet består av representantar i Ungdommens fylkesutval, politisk engasjerte ungdom i alderen 14 til 20 år. Dei gir råd om fokus og innhald i programmet, og vel to produksjonar som inngår i programmet.

Fylkesrådmannen er svært nøgd med ungdomsprogramrådet, og ser stor verdi i deira engasjement. Det er ønskeleg å også involvere elevar på grunnskulenivå. Ein vil sjå på føremålstenlege måtar å gjere dette på.

Ungdomsprogramrådet vel i dag ut ein produksjon til grunnskulen og ein til vidaregåande skule. Fylkesrådmannen vil utvide dette, og la ungdomsprogramrådet velje ut fire produksjonar som inngår i programmet, to til grunnskulen og to til vidaregåande skule.

Utviding av faggrupper

Faggruppene og det faglege rådet vart etablerte i 2014 (arkivnr. 2014/10430-50), og har medverka i arbeidet med programmet sidan skuleåret 2015-2016. I faggruppene er det både eksterne og interne fagpersonar, og kvar faggruppe består av minimum tre og maksimum fem personar. For å unngå at det sit personar eller institusjonar med sterke eigeninteresser i faggruppene, er det primært ressurs- og knutepunktinstitusjonane/-organisasjonane som representerer dei einskilde fagfeltene i gruppene. Unntaket er faggruppa for musikk, der det sit to fagpersonar frå Hordaland fylkeskommune og ein freelancemusikar. I det faglege rådet sit ein representant frå kvar faggruppe, ein frå Høgskolen på Vestlandet, ein frå Opplæringsavdelinga i Hordaland fylkeskommune, ein lærar i grunnskulen og tre representantar frå Kultur- og idrettsavdelinga, samt sekretær.

Alle produksjonar som er foreslått inn i programmet vert vurderte av faggruppene. Produksjonar som er sjangeroverskridande vert vurderte av alle relevante faggrupper. Kvar faggruppe set dei anbefalte produksjonane opp i prioritert rekkjefølge. Desse prioriteringane er utgangspunktet for Fylkesrådmannen sitt framlegg til endeleg program. Programmet vert vedtatt av fagleg råd, som har fekk delegert mynde frå KIRU i 2016 (arkivnr. 2016/2594-12).

Faggruppene sine rangeringar kan vera ein nyttig peikepinn for vidare arbeid med framlegg til endeleg program, men det samla programmet får ikkje alltid ein tematisk og formidlingsmessig breidd når ein følgjer rangeringa. Fylkesrådmannen vil derfor justere faggruppene sitt mandat til at dei gjer fagleg vurdering av alle innkomne forslag, og tilrår produksjonar som kan inngå i programmet. Fylkesrådmannen legg med utgangspunkt i dette fram for vedtak i fagleg råd eit samla program med omsyn til kriterier og variasjon i uttrykk, tema, formidlingsmåte og –stad. Kvar faggruppe vel ein representant til fagleg råd.

Einskilde faggrupper har vore utvida og endra etter at dei vart etablert. Fylkesrådmannen vil utvide faggruppene ytterlegare for å nå over breidda og mangfaldet i uttrykka. Det har gjennom ei årrekke vist seg

at det innan einskilde uttrykk kjem mange forslag, og færre innan andre. Ein må derfor gjere ei vurdering av storleiken på kvar faggruppe.

For å nå breidda i uttrykka og gjere ei grundig vurdering av alle produksjonane må det i hovudsak vera minimum to og maksimum fire eksterne fagpersonar i kvar faggruppe, i tillegg til maksimum to fagpersonar frå Kultur- og idrettsavdelinga ved Seksjon for kunst- og kulturformidling. Dei eksterne fagpersonane nemnas opp av relevante utdannings-/kunst- og kulturorganisasjonar/-institusjonar, og kan ikkje ha eigeninteresse i programmet. Aktuelle institusjonar/organisasjonar kan vera Vestnorsk filmsenter, Norsk forfattersentrum, Norsk Scenekunstbruk, Hordaland museumslag, Norsk barnebokinstitutt, Norsk skuespillerforbund, Visp, Proscen, Hordaland kunstsenter, Universitetet i Bergen ved Fakultet for kunst, musikk og design, Bergen dansesenter, Hordaland musikkråd, Vestnorsk jazzsenter, Assitej Norge med vidare.

I kvart tilfelle vert det vurdert godtgjersle for førearbeid og deltaking i faggrupper og fagleg råd. Godtgjersle følgjer gjeldande satsar for oppdrag i kunst- og kulturformidlingsprogrammet i skulen. Det er forventa at representantar som har betalt arbeid i ein utdannings-/kunst- og kulturorganisasjon/-institusjon får dekkja arbeidstida som er brukt i faggrupper og fagleg råd av sin arbeidsgjevar. Tidsbruk utover dette, samt reiseutgifter i samband med møter i faggrupper og fagleg råd, vert dekt av Hordaland fylkeskommune.

Justering av kriterier

I 2016 vedtok KIRU følgjande kriterier som ligg til grunn for programmet (arkivnr. 2016/2594-12):

- a) Forslagsstillar skal ha levert fullstendig søknad innan fristen, med vedlegg eller link til lyd- og/eller filmopptak der dette er naturleg.
- b) Kvar produksjon i programmet skal ha profesjonalitet i innhald og formidling.
- c) Programmet skal gjennomførast i skuletida.
- d) Programmet skal ha variasjon i uttrykk og genremessig breidd, spelestad og formidlingsmåte.
- e) Programmet skal tilføre skulen møte med profesjonell kunst og kultur, og ikkje erstatte delar av skulen sin undervisning i estetiske fag.
- f) Musikkproduksjonar til grunnskulen skal samsvare med særskilde behov som kjem fram av utlysinga. (Varierer frå år til år.)
- g) Det skal vera eit særskild fokus på regionale og lokale utøvarar, og nyskapande kunst skal prioriterast.
- h) Det samla programmet skal ha god kjønnsfordeling blant utøvarane.

Etter at kriteria vart vedtatt har endringar i organiseringa av Den kulturelle skolesekken sentralt ført til at Rikskonsertane sin skulekonsertordning er avvikla, og musikk er sidestilt med dei andre uttrykka i programmet. Dette betyr at punkt f) i kriteria ikkje lenger gjeld.

Jamfør *Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025*, 6. innsatsområde, tiltak B, skal Hordaland fylkeskommune jobbe for å auke andelen nynorskproduksjonar i kunst- og kulturformidlinga i skulen. På bakgrunn av dette må kriteria utvidast med eit punkt om produksjonar på nynorsk og målføre.

Vidare må ein i kriteria sikre at det er ein god balansen mellom freelanceutøvarar/frie grupper og større kunst- kulturinstitusjonar i programmet. Hordaland er eit fylke som er rikt på store kunst- og kulturinstitusjonar med eit samfunnsoppdrag og ei målsetting om å tilby produksjonar til born og unge, og eit mangfald av freelanceutøvarar/frie grupper som finn deler av sitt levebrød i formidling til skulelevar. Den kulturelle skolesekken er eit viktig instrument for både freelanceutøvarar/frie utøvara og større institusjonar, på kvar sin måte. – Er ein ikkje inne i programmet på fylkeskommunalt eller kommunalt nivå, er det vanskeleg å kome inn i skulane med produksjonar. Mange freelanceutøvarar/frie grupper er avhengig av formidling i skulen for å kunne leve av kunsten. Konsekvensen for dei store kunst- og kulturinstitusjonane er at dei ikkje når samfunnsoppdraget og dei publikumsmåla dei har.

Fleire av dei store kunst- og kulturinstitusjonane i fylket er produsentar og tilbydarar av scenekunst. Utfordringa kan virke størst der, fordi det er rom for å ta inn berre nokre få store scenekunstproduksjonar i programmet kvart skuleår. Enda større er utfordringa når institusjonane tilbyr produksjonar til same målgruppe. Fylkesrådmannen rår derfor til at kriteria blir utvida med eit punkt som sikrar at det i det samla programmet er god balanse mellom produksjonar av/med freelanceutøvarar/frie grupper og større kunst- og

kulturinstitusjonar. Dernest med eit punkt der det ein definerer at tilbodet på scenekunstheltet skal fordelast slik at større kunst- og kulturinstitusjonar og frie grupper kvar skal ha minimum 30% av volumet til høvesvis grunnskulen og vidaregåande skule, dersom det er søkjargrunnlag for det.

Endring i tildeling av midlar

Direktekommunar har sjølvstendig ansvar for Den kulturelle skolesekken, og får sine midlar tildelt direkte frå Kulturtanken. I Hordaland gjeld dette Bergen kommune. Fylkesrådmannen fordeler midlar til dei 32 andre kommunane etter ein fast fordelingsmodell, der minst ein tredjedel av midlane til grunnskulen skal fordelast vidare til kommunane. I Hordaland fylkeskommune er det vedtatt at kommunane får eit tillegg oppå dette, og at fem regionale samarbeidsgrupper får 50 000 kvar til interkommunale samarbeid.

Dei fem regionale samarbeidsgruppene vart etablert i 2005, då Styringsgruppa for Den kulturelle skolesekken i Hordaland vedtok oppretting av Rådet for Den kulturelle skolesekken i Hordaland. Rådet bestod av ein representant frå kvar av dei regionale samarbeidsgruppene, 2 representantar frå Kultur- og idrettsavdelinga, 1 representant frå Kultur- og ressursutvalet, 1 frå Bergen kommune (observatørstatus), 1 frå NOKU og 1 frå Utdanningsavdelinga hos Fylkesmannen i Hordaland. Med rådet vart det lagt opp til at kommunane skulle vera partar i utviklinga av Den kulturelle skolesekken. Samtidig vart det bestemt at dei fem samarbeidsgruppene skulle få kr 50 000 kvar til interkommunale turnétilbod i dei respektive kommunane.

Den kulturelle skolesekken vart etablert i 2001 og er i dag ein varig ordning som er godt forankra i alle fylkeskommunar og kommunar i landet. Kommunane kan samarbeide etter eige ønskje, og med dei kommunane dei ser det mest føremålstenleg å samarbeide med. Fylkesrådmannen ser det ikkje som naturleg å definere slike samarbeid, og vil derfor gå bort frå tildeling av kr 50 000 til dei fem regionale samarbeidsgruppene som vart etablert i 2005. Midlane som har vore øyremerkt desse gruppene går inn i den totale summen til tiltak i grunnskulen, og vil såleis likevel delvis gå til kommunale tiltak.